

Årsmelding for Midt-Telemark Saualslag 2018

Årsmøtet vart halde 5. februar 2018. 10 medlemmer deltok.

Styret har i meldingsåret vore samansett slik:

Leiar: Nina Elvebråten (valt for 1 år)

Styremedlemmer: Rikke Hagen (2 år), Liv-Birgit Ulvenes (1 år), Nils Ole Gilde (2 år) og Hilde Klovholt (1 år)

Varafolk: 1. vararepresentant Lene Bråten (1 år), 2. vararepresentant: Karin Aasen (1 år).

Revisor: Gunleik Berget (1år)

Valnemnd: Inger Kristin Myhren (3år), Knut Johan Hvistendahl (2 år) og Kåre-Vidar Førland (1 år)

Valte årsmøteutsendingar: Rikke Hagen, Nina Elvebråten, Karin Aasen, Lene Bråthen og Knut Jarle Haug.

Rikke Hagen var utsending frå laget på haustsamlinga til Telemark sau og geit.

Det er halde to styremøte i meldingsåret.

Medlemmer frå laget deltok på grillaksjon for å auke salet av lammekjøtt. Medlemmer sat òg på stand for Telemark sau og geit på Dyrsku'n. Laget ordna også med parkering på verkåringa 29. septembe.

Laget arrangerte triveleg førjulsfest i Bø Prestegard 22. november med bra oppmøte og flott middag frå Aarnes Kafeteria. Der vart det servert både pinnekjøtt og ribbe.

Me vil med dette takke for samarbeidet i året som er gått.

Styret